



Still opp hos Palfinger Marine på Seimfoss og skaff gode pengar til idrettslaget.

**Uskedal idrettslag har, saman med andre idrettslag, fått eit godt tilbod om ein kjekk og grei dugnadsjobb hos Palfinger Marine som kan gje mange kjærkomne kroner i lagskassen på ein enkel måte. Det gjeld å stilla flest moglege personar over 15 år, som er raske å melda seg på. I tillegg vil deltakarane vera med og setja verdsrekord.**

I samband med dette gode tilbodet har uskedalen.no vorte oppfordra til å formidle denne invitasjonen.:

*Kjære sambygdingar!*

*Hjørnesteinsbedrifta Palfinger Marine har designa og produsert verdas største livbåt til cruise industrien, MPC49. Denne er produsert ved Palfinger Marine sin fabrikk i Ølve, og er ferdigstilt før påske. Som ein del av godkjenninga må dei vise DNV-GL (klassifikasjonsselskap) og kunden at dei kan få 440 personar trygt ombord på under 10 minuttar. Uskedalen Idrettslag har fått tilbud om å stilla med folk. For kvar person som stiller på dugnad får vi inn heile 250,- kroner til klubben, og vi oppfordrar alle som har anledning til å vere med på dette! Har du lyst og anledning til å vere med å setje verdsrekord? Påmeldinga er **bindande**, då det er veldig viktig at dei har nok folk denne dagen.*

Les meir, og meld deg på i denne linken: <https://intra.palfingermarine.com/verdsrekord>

*Fleire idrettslag er invitert, så her er det førstemann til mølla!*

*Vel møtt!*

Foto: Palfinger Marine Safety AS  
 Nett: Thor Inge Døssland